

Hummelfossen


TEMA: Tettstedene ①110

KART: ④435

Alt i 1906 vart Matre og Haugdalsvassdraget kjøpt opp av forretningsmannen BLAAUW frå Bergen; den første «fossespekulanten» i Matre-området. Han selde straks vidare til FR. HIORTH, som overdrog alle rettane til selskapet MATREFALDENE i 1908. Bak A/S Matrefaldene stod tyske interesser, Badische Anilin und Sodafabrik, som ville setja i gang produksjon av salpetergjødning med nitrogen og elektrisitet.

Men det skulle gå mange år før planane kom vidare. Rettnok vart det bygt veg frå Matre til Hummelfossen i 1915, og det hadde kome opp funksjonærbustader i Matre. Men under den første verdskrigen gjekk Europa inn i ei uroleg tid, og kraftutbyggingsplanane i Matre vart lagde til side. I 1917 vart arbeidet teke opp att, med Norsk

Hydro som utbyggjar. Kraftstasjonen og rørgata sto ferdig i 1919, men stasjonen kom ikkje i drift. Først under den andre verdskrigen vart Hummelfossen kraftverk teke i bruk. Det var den tyske okkupasjonsmakta som stod for arbeidet. Etter krigen overtok Bergenshalvøen Kommunale Kraftselskap (BKK) anlegget.



Stasjonen frå 1919 vart rivn. Kraftverksbygningen som står i dag skriv seg frå 1953; eitt av dei mange små anlegga som har skaffa kraft til lokalsamfunnet. I 1986 kom det ein ny moderne stasjon, og kraftstasjonen frå 1953 vert no museum. □

Hummelfossen kraftverk.

Kronprins Olav avdukar minnesteinen over falne frå Bjørn West i Stordalen, 1949.



BJØRN WEST

Motstandsgruppa BJØRN WEST hadde tilhaldsstaden sin i dei brattlendte Matrefjella mot slutten av siste verdskrigen; ein innsats som har fått ein sentral plass i den norske okkupasjonsoga. I oktober 1944 kom det folk over frå kompani Linge i England for å oppretta ei avdeling bak fiendelinjene. Mange ungdommar slutta seg til denne motstandsgruppa for å kjempa mot nazismen og okkupasjonen. Det meste av vinteren 1944/45 heldt Bjørn West til i fjella sørvest for Masefjorden, mellom Andviki og Stussdalssetret. Etter eit tysk angrep 8. april 1945 vart heile styrken på om lag 250 mann samla i fjella aust for Matre, med hovudkvarter i Stordalen fjellstove. Dei fleste kom frå Nordhordland, Sogn og Bergensregionen. Dei siste krigsdagane i byrjinga av mai kom det til kampar mellom Bjørn West og tyske styrkar. Over 100 mann miste livet i desse kampane. Den 5. mai 1945 brende tyskarane alle setrane der Bjørn West hadde halde til. Dei sette også fyr på alle husa i Kringlebotnen og Stordalen. Tre dagar seinare, 8. mai 1945, var krigen slutt. Den tyske kapitulasjonen var eit faktum.



Det private kraftverket på garden Fosse vart bygt i 1947 og var i drift fram til 1958. På stupet av Brydalsfossen er det eit storfelt utsyn over Matredalen.

KRINGLEBOTNEN

Like ved Hummelfossen går det ein smal stig opp langs den bratte fjellsida. Stigen fører inn til garden KRINGLEBOTNEN, som ligg inne i fjellet, aust for Storematredalen. Når denne stigen vart bygd, veit vi ikkje heilt sikkert, men garden vart teken opp i 1730 av LARS TORISSEN (1701-1782). Det må ha vore gode ressursar å henta her i fangst og fiske. Stigen opp frå Hummelfossen vart øydelagd av skred, og folka i Kringlebotnen måtte i 1853 søkja Lindås kommune om økonomisk hjelp til å vøla vegen. Då hadde dei ei tid måtta nytta ein trestige opp den bratte hammaren. Når du i dag kjem opp stigen frå Hummelfossen, må du i robåt over Hummelvatnet for å koma inn til Kringlebotnen. Like før frigjeringa i 1945 vart gardshusa brende av dei tyske styrkane. Nye hus er bygde, og kvart år, ein søndag i august, går det ein turmarsj frå Littlematrestølen over Kringlebotnen og til Stordalen: BJØRN WEST-marsjen.